



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
74/2022	Kommunestyret	PS	06.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033, TI-&29	22/166

INTERPELLASJON - LOKAL STRAUMSTØTTEORDNING FOR INNBYGGJARAR OG NÆRINGS LIV I VAKSDAL?

Kommunestyret - Sak 74/2022

KOM - Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføraren gav slikt svar:

Me står i ei svært krevande tid. Både privatøkonomien og økonomien i næringslivet er pressa på fleire område. Dette er viktige tema som me lokapolitikarar spelar inn til våre folkevalde på Stortinget jamleg. Vaksdal kommune er vertskommune for vasskraftproduksjon, og kjøper konsesjonskraft som me igjen kan selja med fortенeste. I den tida me no er inne i er det sannsynleg at kommunen sine «kraftinntekter» vert monaleg auka dei komande åra. Dette er inntekter som kommunestyret har ansvar for å forvalte på ein god måte. Eg vil derfor be om at me får ei grundig vurdering av ulike tiltak til budsjettseminaret, slik at kommunestyret skal vera opplyste om korleis det er tilrådeleg å forvalte desse summene framover.

Det har kome innspel frå ulike hald om straumstøtteordningar til innbyggjarane, og eg meiner det er viktig å sjå på om dette er noko me kan og bør gjere. Me veit at kraftinntektene er under press, jamfør NOU 2022:10 som vart presentert førre mandag. Inntektene me får som kompensasjon for å ha avgitt natur til beste for storsamfunnet er i spel. Om kommunen skal behalda kraftinntektene i framtida vil det vera heilt avgjerande å forvalte dei klokt.

Interpellasjonen reiser mange gode spørsmål og problemstillingar, og eg meiner me bør drøfte denne saka grundig i budsjettseminaret.

Det vart så opna for debatt.

Saksopplysningar:

Frå Kjartan Haugsnes, SV, ligg det føre slik interpellasjon:

Fleire norske kommunar har eller har planlagd ulike straumstøtteordningar for lokalt næringsliv og innbyggjarar i 2022. Samstundes er inntektssystemet for vertskommunar for kraft under press, seinast i forslaga til inntektsutjamningsutvalet sin rapport som vart lagt fram 29.08.2022
Døme på tiltak som har vore gjennomført i kommunar til no har vore:

- Reduksjon nettleige til primærbustad med 1500 kr. (Tinn kommune)
<https://www.tinn.kommune.no/article/Kommunal-stroemstoette-til-kommunens-innbyggere>
- Stønad til luft til luft varmepumpe og energieffektivisering av eigen bustad (Oslo kommune)
<https://klimatilskudd.no/>
- Stønad til lokalt næringsliv. (Hol kommune)
<https://www.hol.kommune.no/meny/naringsutvikling/kommunal-tilskuddsordning-for-naringsliv-i-hol-kommune-som-folge-av-vedvarende-hoy-kraftpris/>
- Med denne interpellasjonen vil vi be administrasjonen fram mot formannskapet sitt budsjettseminar gjere greie for moglegheiter og utfordringar kring lokal straumstøtte i Vaksdal kommune, til hushaldningar og til lokalt næringsliv. Til budsjettseminaret i formannskapet vil vi og ha endeleg oversikt over eventuelle andre ordningar som er varsla frå staten og EU:

Stikkord: (Lista er ikkje uttømmande)

- Bruk/sal av konsesjonskraft i eigen kommune.
- Lokalt «Enova» fond med støtte til varige straumsparingstiltak i eigen heim/næringslokale)
- Lokale ordningar sett opp mot straumstøtte frå staten
- Avgrensa til primærbustadar (Ikkje fritidseigedommar eller bustad nr. 2)
- Lokalt næringsliv som fell utanfor statsstøtteordningar
- Kostnader ved dei ulike tiltaka

Spørsmål til ordførar:

Vil ordførar be administrasjonen greie ut konsekvensar av lokale straumstøttetiltak med utgangspunkt i problemstillingane denne interpellasjonen reiser